

## NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

---

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA  
18. MARS 2011  
PÅ SCANDIC HOTEL, ASKER

Til stades: Grete Riise, Unn Røynealand, Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Svend Arne Vee, Marit Hovdenak og Aud Søyland

Unn Røynealand, Åse Wetås og Marit Hovdenak var ikkje til stades under punkt V, då dei var i gravferda til Einar Lundebø.

### I. GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

---

Møtet vart fastsett då me hadde møte i Ørsta 3.–4. mars. Innkalling og sakspapir vart sende ut 11. mars 2011. Noko vart ettersendt 15. mars.

Referatet frå møtet 20. februar 2011 vart sendt ut 15. mars, og vart godkjent i dette møtet.

Referatet frå møtet 3.–4. mars 2011 vart sendt ut 15. mars. Det vart godkjent med nokre merknader.

Innkalling, referat, sakliste og tidsplan vart godkjende.

### II. SIDAN SIST

---

#### Møte:

17. mars: Aud Søyland var på årsmøte i Hemsedal Mållag og orienterte om framlegget.

#### Medieoppslag:

- Sunnmørsposten
- Møre
- NRK Møre og Romsdal

### III. AKTUELLE OPPGÅVER

---

#### Møte:

2. april: Årsmøte i Norsk foreining for språkkonsulenter. Aud Søyland orienterer om framlegget.

9. april: Landsmøte i Noregs Mållag. Ragnhild Bjørge orienterer om framlegget.

26. mai: Møte i Nettverk for omsetjarar i staten. Grete Riise orienterer.

#### IV. RETTSKRIVINGSSPØRSMÅL SOM STOD ATT FRÅ SIST

---

Nemnda tok opp att dei emna som ho ikkje vart ferdig med sist, og gjorde vedtak i nokre saker.

#### V. PROSESSEN

---

Det har vore ein god prosess, sjølv om arbeidet til tider har vore vanskeleg. Nemndmedlemmene har i mange saker har vore like usamde som nynorskbrukarar flest er.

Interaktiviteten og høyringane har vore ein svært verdifull del av prosessen, og noko som andre kan læra av.

Styret i Språkrådet hadde gitt nemnda eit sprikjande mandat der det vart opp til nemnda å bruka skjønn. Det at det har vorte ein del valfrie former, er ei mellomløyning som nemnda har kome fram til nettopp fordi ho skulle ta mange ulike omsyn.

Me har vore gjennom det meste tre–fire gonger, og har late stoffet modnast. Med ein intensiv prosess har me kome fram til det som var mogleg – for denne nemnda.

Nemnda er nøgd med at innstillinga er lettseleg. Det er viktig for brukarane som skal lesa.

Nemnda takka Grete Riise, som har vore ein svært flink og drivande leiar, og Aud Søyland for grundig arbeid som sekretær.

*Aud Søyland refererte.*